

# OPERASJON

I MAGE ELLER TARM

## KJÆRE PASIENT

Velkommen til avdeling for gastro og akuttkirurgi. Dette er informasjon til deg som er operert på grunn av akutt stopp i fordøyinga.

## STOPP I MAGE ELLER TARM

Det er i tarmen all fordøying av mat går føre seg. Tarmen består av to delar, tynntarm og tjukktarm. Oppgåva til tynntarmen er å ta opp næring. Tjukktarmen har i oppgåve å trekkje væske ut av tarmen. Når fordøyinga er ferdig er det berre avføring att, som samlar seg i endetarmen.

Det kan vere mange årsaker til at passasjen gjennom tarmen blir redusert eller stoppar heilt opp: Betennelse, framandlekam, tarmslyng, svulst, eller at område i tarmen har vakse saman (adherensar).

Dersom det er mogleg at tilstanden kan bli betre av seg sjølv, vil legen at ein ligg inne til observasjon ei tid. Dei fleste vil trenge intravenøs tilførsel av væske og medisinar i denne akutte fasen.

Andre blir operert ved hjelp av:


- Kikkolskirurgi ( laparoskopi ). Bukmuskulaturen vil vere uskadd etter operasjonen.
- Ope snitt(laparotomi). Det er gjort eit snitt gjennom bukmuskulaturen og ein får eit lengre operasjonssår.

Legen vil forklare deg kva som er gjort under operasjonen i ditt tilfelle.

## STOMI

Har du fått utlagd tarm (stomi), vil du lære å stille stomien før heimreise. Du får innkalling til stomiklinikken om lag tre veker etter du er reist heim, for vidare oppfølging hos stomisjukepleiar.

## ILLUSTRASJON AV MAGE OG TARM



## SMERTER

Det er vanleg å få smerter etter operasjonen. Smertene vil bli svakare i løpet av dei første par vekene. Dei fleste har nytte av paracetamol og klarar seg med det etter nokre dagar. Dei som har behov for sterkare smertestillande får resept før heimreise.

### ANTIBIOTIKA

Dersom du brukar antibiotika bør du ikkje drikke alkohol, fordi det reduserer effekten av antibiotikakuren.

## AKTIVITET

Det gjer godt for kroppen at du er i aktivitet etter operasjonen. Du kan vere aktiv i korte økter den første tida og deretter gradvis auke aktiviteten. I brosjyren frå fysioterapeuten finn du øvingar som passar for deg.

## GOD HYGIENE

Du kan dusje frå tredje dag etter operasjonen. Ta alltid på ny bandasje etter du har dusja. Du må ikkje bade i badekar eller symjebasseng dei tre første vekene etter operasjonen. God hygiene forebygger infeksjon.

## MAT OG DRIKKE

Du kan ete vanleg mat og drikke. Det er viktig å få i seg næringsrik mat etter operasjonen.

Er du operert i **tyntarmen**, har du no ein kortare del av tarmen som tek opp næring enn tidlegare. Derfor er det ekstra viktig at maten er sunn med høgt næringsinnhald.

Har du fått fjerna store delar av **tjukktarmen**, kan det vere at tarmen ikkje tek til seg nok væske og avføringa er laus. Då er det viktig å drikke mykje. Dersom det er behov for stoppende medisinar må det skje i samråd med lege.



www.colorbox.com



## KONTAKT LEGE DERSOM DU FÅR NOKRE AV DESSE SYMPTOMA:

- feber
- du får meir vondt
- det siv væske frå såret
- huda rundt såret blir raud

## OPERASJONSSÅRET

Operasjonssåret er lukka med stiftar (agraffar) eller sting, som må takast ut tolv til fjorten dagar etter operasjonen. Dersom du er utskriven frå sjukehuset på den tida, må du sjølv avtale time hos legen din for å få fjerna sting eller stiftar.

## OPPFØLGING

Du vil få time til kontroll anten hos ein av kirurgane som opererte deg eller hos fastlegen. Dette får du vite meir om før du vert skriven ut frå sjukehuset. Vi sender brev til fastlegen din, der vi informerer om sjukdommen din og kva som er gjort under operasjonen. I mellomtida må du vere merksam på komplikasjonar etter operasjonen og følgje anbefalingane ovanfor.

## KONTAKTINFORMASJON

Telefon ekspedisjon Kirurgisk klinikk: 55 97 28 42

Telefontid 09.00-11.00

Når du ringjer ekspedisjonen 55 97 28 42 får du fire val som fører deg til den poliklinikken du vil ha kontakt med.

Etter kl. 16.00 og i helg ta kontakt med

Avdeling for gastro- og akuttkirurgi:

Sengepost 1: 55 97 34 00

Sengepost 3: 55 97 35 03

Du var innlagd ved sengepost:.....

### NOTAT

### NOTAT

## **KONTAKTINFORMASJON**

Kirurgisk klinikk, poliklinikk ekspedisjon:

Telefon 55 97 28 42

Avdeling for gastro - og akuttkirurgi

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

**[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)**

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300